


A dark blue vertical bar runs down the left side of the page. A blue arrow points to the right from this bar, containing the date.

19.10.2018

Rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen for Bokn kommune 2018 – 2030

Planprogram

Several thin, curved lines in shades of blue and grey originate from the bottom left and sweep upwards and to the right.

Jan Erik Nygaard
BOKN KOMMUNE

1 Innhold

1	Hovudmålsetting i planstrategidokumentet	6
2	Innleiing	6
2.1	Gjeldande kommuneplan	6
2.2	Bakgrunn	6
2.3	Kva er eit planprogram	7
2.4	Kommuneplanprosessen	8
3	Planprosessen	9
3.1	Organisering av kommuneplanprosessen	9
3.2	Medverknad	9
3.2.1	Plan for medverknad mht.arbeid med planprogram	10
3.2.2	Plan for medverknad revidering av samfunnsdelen til kommuneplanen	10
3.2.3	Medverknadstrappa	11
3.3	Framdriftsplan for kommuneplanarbeidet	11
3.3.1	Arbeidet med planprogrammet	11
3.3.2	Arbeidet med samfunnsdelen	11
3.4	Korleis arbeide med planprogrammet/planen	12
3.4.1	Planprogrammet	12
3.4.2	Planen	12
4	Rammer for planarbeidet	13
4.1	Nasjonale rammer	13
4.1.1	Statlege retningslinjer	13
4.2	Regionale rammer	13
4.2.1	ATP Haugalandet	13
4.2.2	Utviklingsplan for Hugesundregionen 2017 – 2020 med tiltaksplan	14
4.2.3	Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024	14
4.2.4	Regionalplan for folkehelse 2014-2017	14
4.2.5	Regionale utviklingstrekk Rogaland 2016	14
4.2.6	Regionplan for energi og klima 2010 - 2020	15
4.2.7	Regional planstrategi 2017 – 2020	15
4.3	Kommunale planar	15
4.3.1	Planstrategi for Bokn kommune 2016 – 2019	15
4.3.2	Kulturminneplan for Bokn kommune	15
4.3.3	Oversiktsdokumentet Folkehelse	15
4.3.4	Kommunedelplan Bokn – Idrett og fysisk aktivitet	16
5	Utviklingstrekk	16

5.1	Folketalsutvikling.....	16
5.2	Alderssamansetting.....	17
5.3	Demokrati.....	18
5.3.1	Status.....	18
5.3.2	Utfordringar.....	19
5.3.3	Suksessfaktorar	21
5.4	Kommunen som organisasjon	21
5.5	Folkehelse.....	22
5.5.1	Samhandlingsreforma	22
5.5.2	Eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.....	22
5.5.3	Status - Utviklingstrekk.....	22
5.5.4	Lågt fysisk aktivitetsnivå	22
5.5.5	Suksessfaktorar	23
5.6	Samferdsel og kommunikasjon	23
5.7	Klima, miljø og energi.....	25
5.7.1	Klimaprofil Rogaland	25
5.7.2	Energi- og klimaplan	26
5.7.3	Planstrategi for Bokn kommune 2016-2019	26
5.8	Økonomi og nytt inntektssystem	27
6	Temaområde	27
6.1	Folkehelse.....	27
6.1.1	Status – situasjonen i dag.....	27
6.1.2	Utfordringar.....	27
6.1.3	Målsetjingar.....	27
6.1.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	28
6.2	Omsorg.....	28
6.2.1	Status – situasjonen i dag.....	28
6.2.2	Utfordringar.....	28
6.2.3	Målsetjingar.....	28
6.2.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	28
6.3	Skule/barnehage	28
6.3.1	Status – situasjonen i dag.....	28
6.3.2	Utfordringar.....	28
6.3.3	Målsetjingar.....	29
6.3.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	29
6.4	Idrett.....	29

6.4.1	Status	29
6.4.2	Utfordringar	29
6.4.3	Målsetjingar	29
6.4.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	30
6.5	Kultur	30
6.5.1	Status	30
6.5.2	Utfordringar	30
6.5.3	Målsetjingar	30
6.5.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	30
6.6	Friluftsliv	30
6.6.1	Status – situasjonen i dag	30
6.6.2	Utfordringar	31
6.6.3	Målsetjingar	31
6.6.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	31
6.7	Kyrkja i Bokn	31
6.7.1	Status – situasjonen i dag	31
6.7.2	Utfordringar	31
6.7.3	Målsetjingar	31
6.7.4	Behov for utgreiing	32
6.8	Barn- og unge	32
6.8.1	Status – situasjonen i dag	32
6.8.2	Utfordringar	32
6.8.3	Målsetjingar	32
6.8.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	32
6.9	Klima, miljø og energi	32
6.9.1	Status – situasjonen i dag	32
6.9.2	Utfordringar	33
6.9.3	Målsetjingar	33
6.9.4	Behov for utgreiing	33
6.10	Friviljuge organisasjonar	33
6.10.1	Status – situasjonen i dag	33
6.10.2	Utfordringar	33
6.10.3	Målsetjingar	33
6.10.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	34
6.11	Samferdsel og kommunikasjon	34
6.11.1	Status – situasjonen i dag	34

6.11.2	Utfordringar.....	34
6.11.3	Målsetjingar.....	34
6.11.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	34
6.12	Interkommunalt samarbeid	34
6.12.1	Status – situasjonen i dag.....	34
6.12.2	Utfordringar.....	35
6.12.3	Målsetjingar.....	35
6.12.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	35
6.13	Økonomi	35
6.13.1	Status – situasjonen i dag.....	35
6.13.2	Utfordringar.....	36
6.13.3	Målsetjingar.....	36
6.13.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	36
6.14	Samfunnssikkerhet og beredskap	36
6.14.1	Status – situasjonen i dag.....	36
6.14.2	Utfordringar.....	37
6.14.3	Målsetjingar.....	37
6.14.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	37
6.15	Næringsliv.....	37
6.15.1	Status – situasjonen i dag.....	37
6.15.2	Utfordringar.....	38
6.15.3	Målsetjingar.....	38
6.15.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	38
6.16	Fiskeri og havbruk	39
6.16.1	Status – situasjonen i dag.....	39
6.16.2	Utfordringar.....	39
6.16.3	Målsetjingar.....	39
6.16.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	39
6.17	Landbruk.....	40
6.17.1	Status – situasjonen i dag.....	40
6.17.2	Utfordringar.....	40
6.17.3	Målsetjingar.....	40
6.17.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	40
6.18	Turisme.....	40
6.18.1	Status – situasjonen i dag.....	40
6.18.2	Utfordringar.....	40

6.18.3	Målsetjingar.....	41
6.18.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	41
6.19	Sentrumsutvikling.....	41
6.19.1	Status – situasjonen i dag.....	41
6.19.2	Utfordringar.....	41
6.19.3	Målsetjingar.....	41
6.19.4	Behov for utgreiing i planarbeidet.	41
6.20	Bustadbygging	42
6.20.1	Status – situasjonen i dag.....	42
6.20.2	Utfordringar.....	42
6.20.3	Målsetjingar.....	42
6.20.4	Behov for utgreiing i planarbeidet	42
7	Konsekvensvurdering	42
7.1	Føresegner om konsekvensutgreiingar	42
8	Retningslinjer for gjennomføring av kommunen sine egne mål og strategiar.....	43

1 Hovudmålsetting i planstrategidokumentet

Bokn skal vera eit fullstendig samfunn der innbyggjarane får dekkja ein stor del av tenestene innanfor eigne kommunegrenser.

Vi vil:

- auke folketal og verdiskaping som varig grunnlag for korte reiser til kommunale tenester, varehandel og tenesteyting
- sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune
- nytta naturressursane til næringsutvikling og for å skapa trivsel og gode bumiljø
- at kommunen skal spele på lag med innbyggjarane

2 Innleiing

2.1 Gjeldande kommuneplan

Den gjeldande kommuneplanen for perioden 2012 – 2024, vart vedteken av kommunestyret i Bokn den 17.12.2013 som sak 052/13.

Plandokumentet er felles for samfunnsdelen og arealdelen, og det vart gjort fylgjande vedtak i sak 052/13:

«Bokn kommunestyre gjer, etter innspel frå Fylkesmannen og Statens Vegvesen i slutfasen av kommuneplanbehandlinga, vedtak om å godkjenna rådmannen sitt framlegg til kommuneplan slik det er tilrådd av formannskapet i sak 056/13 den 03.12.2013 med tillegg som fylgjer:

Arbeid med ny vegføring for Rogfast gjer at det i fyrste del av planperioden, vil bli trong for nye planar (massedeponeringsplan, kommunedelplan og/eller reguleringsplanar) i området som strekkjer seg frå Knarholmen framom Laupland til Are. Kommunestyret er positiv til å gi dispensasjon frå kommuneplanen for å få godkjent naudsynte planar, som er framtidsretta og gir gode løysingar for storsamfunnet og Bokn kommune.

Hensynssone 550 for funksjonell strandsone skal bare visast i byggesoner.

Tabell over utbyggingsområda med opplysing av plankrav og antal einingar skal tas inn som ein del av bestemmelsene.

B18 skal ha eiga bestemmelse om krav til geologiske undersøkingar som ein del av reguleringsarbeidet.»

2.2 Bakgrunn

I samband med godkjenning av kommunen sitt planstrategidokument for perioden 2016 – 2019, vedtok kommunestyret i sak 068/16 at det ikkje skulle gjennomførast hovudrevisjon av den gjeldande kommuneplanen 2012 – 2024 i den inneverande valperioden.

Likevel skulle det gjerast dei endringane i planen sin arealdel som er naudsynte for at dei vedtekne strategiane vert rettskraftige.

Dette arbeidet er no ferdigstilt.

Arbeidet med justering av kommuneplanen sin arealdel har i all hovudsak vore konsentrert om justering av føresegnene.

I samband med desse justeringane, er det kome opp problemstillingar knytt til mellom anna innarbeiding av retningslinjer for dispensasjon, som naturleg høyrer heime i ein diskusjon om politiske målsetjingar knytt til samfunnsdelen av kommuneplanen.

På denne bakgrunn, gjorde kommunestyret i møte 19.06.2018 fylgjande vedtak i sak 031/18:

“Bokn kommunestyre vedtar å starte arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Rådmannen får fullmakt til å setje i verk dei naudsynte tiltaka for å organisere arbeidet med planprogrammet, med sikte på at dette kan sendast ut på høyring saman med varsel om oppstart av arbeidet i inneverande år.”

2.3 Kva er eit planprogram

Som første del av arbeidet med rullering av samfunnsdelen, må det lagast eit planprogram i samsvar med § 4-1 i plan- og bygningslova.

Planprogrammet er eit verkty for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet.

Som et minimum skal planprogrammet gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- rammer for planarbeidet; lovverk og lovheimel for planen, overordna planar og retningslinjer
- planprosessen
- korleis planarbeidet skal organiserast i kommunen og plan for medverknad
- framdriftsplan

Planprogrammet kan også gjere greie for kva som ligg av informasjon om dei einskilde tema som skal handsamast i planarbeidet, og vurdere om det er behov for å hente inn ny kunnskap og korleis den eventuelt skal hentast inn.

I § 4-1 i plan- og bygningslova heiter det:

«§ 4-1. Planprogram

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på

høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Dersom planen kan få vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.

Endret ved [lover 19 des 2014 nr. 91](#) (ikr. 1 jan 2015 iflg. [res. 19 des 2014 nr. 1727](#)), [21 juni 2017 nr. 97](#) (ikr. 1 juli 2017 iflg. [res. 21 juni 2017 nr. 834](#)).»

Planprogrammet skal sendast ut på høyring saman med varselet om at planarbeidet vert starta opp.

2.4 Kommuneplanprosessen

Kommuneplanprosessen vert regulert av Kapittel 11 i plan- og bygningslova.

I § 11-1 heiter det mellom anna:

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.»

Samfunnsdelen i kommuneplanen skal ta stode til langsiktige utfordringer, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Lovgrunnlaget går fram av §§11-2 til 11-4 i plan- og bygningslova:

«§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

§ 11-4. Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplan og rullering av handlingsdel

Ved revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplaner gjelder bestemmelsene om kommunal planstrategi, jf. § 10-1, og om behandling av kommuneplan, jf. §§ 11-12 til 11-15.»

3 Planprosessen

3.1 Organisering av kommuneplanprosessen

Planarbeidet er organisert som eit prosjekt med Formannskapet som styringsgruppe, og ei administrativ arbeidsgruppe som er leia av rådmannen.

I tillegg er det tenkt oppretta undergrupper som er sett saman med medlemmer med kunnskap og interesser innafor dei ulike tema som skal utgreiast nærare.

3.2 Medverknad

Frå Plan og bygningslova:

«§ 5-1: Medvirkning

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»

Medverknad i arbeidet med planprogram for revidering av samfunnsdelen av kommuneplanen, er avgjerande for å oppnå forankring for måloppnåelse. Som vist til i punkt 2.3 «Kva er eit planprogram», skal det lagast planar for medverknad. Sjå pkt. 3.2.3: Medvirkningstrappa – ein skala for involvering og innflytelse

Planane for medverknad er viste i respektive tabellar.

3.2.1 Plan for medverknad mht.arbeid med planprogram

Tabell 1. Plan for medverknad mht. arbeid med planprogram

Medverknad (Metode)	Dato:	Nivå i hht. medverknadsstigen	Involverte
Del 1 - politisk			
Innsyn (etter lova) - kontinuerleg	Kontinuerleg	Nivå 1 (innsyn)	Politikarar – bestillarar av planarbeid
Informasjonsmøter	28.08	Nivå 2 (informasjon)	Politikarar
	16.10	Nivå 2 (informasjon)	Politikarar
«Høyring» hjå dei ulike politiske gruppene	Uke 42	Nivå 3 (høyring) Nivå 4 (dialog)	Politikarar (fleire involverte)
Formell høyring	02.11-14.12	Nivå 3 (høyring)	Høyringsinstansar pluss offentlegheita
Del 2 - administrativt			
Innsyn (etter lova)	Kontinuerleg	Nivå 1 (innsyn)	Administrasjonen – sektorvise grupper
Informasjonsmøter	21.08	Nivå 2 (informasjon)	Administrasjonen/Andre: Kyrkja
	31.08	Nivå 2 (informasjon)	Administrasjonen: Helse
	07.09	Nivå 2 (informasjon)	Administrasjonen: Kultur
«Høyring» hjå dei ulike sektorvise gruppene	Uke 41	Nivå 3 (høyring) Nivå 4 (dialog)	Administrasjonen: Sektorvis
Produksjon av relevant tekstmateriale	Innan 01.10	Nivå 5 (deltaking)	Administrasjonen; Sektorvis


3.2.2 Plan for medverknad revidering av samfunnsdelen til kommuneplanen

Tabell 2. Plan for medverknad revidering av samfunnsdelen til kommuneplanen

Medverknad (Metode)	Dato:	Nivå i hht. medverknadsstigen	Involverte
Del 1 - politisk			
Innsyn (etter lova) - kontinuerleg	Kontinuerleg	Nivå 1 (innsyn)	Politikarar – bestillarar av planarbeid
Etablering av arbeidsgrupper	Uke 42	Nivå 5 (deltaking)	Politikarar
Informasjon om oppstart av planarbeid	02.11	Nivå 2 (informasjon)	Politikarar
Produksjon av relevant tekstmateriale (arb.gruppene)	Innan februar 2019	Nivå 5 (deltaking)	Politikarar
Prioritering av satsingsområder (arb.gruppene)	Innan mai 2019	Nivå 5 (deltaking)	Politikarar
«Høyring» hjå dei ulike politiske gruppene	Mai 2019	Nivå 3 (høyring) Nivå 4 (dialog)	Politikarar (fleire involverte)
Formell høyring	Juni 2019 - Sept. 2019	Nivå 3 (høyring)	Høyringsinstansar pluss offentlegheita
Del 2 administrativt			
Innsyn (etter lova)	Kontinuerleg	Nivå 1 (innsyn)	Administrasjonen – sektorvise grupper
Etablering av arbeidsgrupper	Uke 42	Nivå 5 (deltaking)	Administrasjonen-sektorvise grupper, representantar frå lag og

			organisasjonar, politikar - repr.
Informasjonsmøte	Uke 43	Nivå 2 (informasjon)	Administrasjonen, representantar frå lag og organisasjonar, politikar-repr.
Informasjon om oppstart av planarbeid	02.11	Nivå 2 (informasjon)	Arbeidsgruppene
Produksjon av relevant tekstmateriale	Innen februar 2019	Nivå 5 (deltaking)	Arbeidsgruppene
Prioritering av satsingsområder	Innan mai 2019	Nivå 5 (deltaking)	Arbeidsgruppene
Informasjon via heimeside og Facebook om prosess	Kontinuerleg	Nivå 2 (informasjon)	Allmenheten

3.2.3 Medverknadstrappa



3.3 Framdriftsplan for kommuneplanarbeidet

3.3.1 Arbeidet med planprogrammet

- Vedtak i kommunestyret 19.06.2018, sak 031/18
- Oppstartsmøte administrativ arbeidsgruppe: 06.08.2018 - møteplan for adm.arbeidsgruppe, onsdager 1200-1400: 15.08.18, 29.08.18... 15.10.18 (siste møte)
- Oppstartsmøte styringsgruppe : 28.08.18 - møteplan for styringsgruppe: 16.10.18 (siste møte)
- Framlegg til planprogram til politisk handsaming 30.10.2018
- Varsel om oppstart av planarbeidet 02.11.2018
- Utlekking til off. ettersyn/høring 02.11.2018 – 14.12.2018
- Endeleg godkjenning planprogram januar 2019

3.3.2 Arbeidet med samfunnsdelen

- Vedtak i kommunestyret 19.06.2018, sak 031/18
- Arbeid med planprogram haust 2018 – jan. 2019
- Etablering av arbeidsgrupper knytt til einskilde tema sept/okt. 2018
- Utkast frå arbeidsgrupper februar 2019
- Møte med fylkesmann og fylkeskommune april 2019
- Utkast til samla plan ferdig mai 2019

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

- Framlegg til plan til politisk handsaming juni 2019
- Utlekking til off.ettersyn/høyring juni 2019 – september 2019
- Endeleg godkjenning plan okt. 2019

3.4 Korleis arbeide med planprogrammet/planen

3.4.1 Planprogrammet

Som ei innleiing til arbeidet med planprogrammet vart det halde møte i den administrative arbeidsgruppa den 06.08.2018.

I dette møtet vart det semje om eit utkast til mal for planprogrammet, med utgangspunkt i krava i § 4-1 i plan- og bygningslova.

Dette utkastet som mellom anna inneheldt framlegg til tema som skal drøftast nærare i arbeidet med samfunnsdelen, vart lagt fram for Kommuneplanutvalet i møte 28.08.2018.

Utkastet vart godkjent med ein del mindre endringar, mellom anna kom det framlegg til nye tema som skal vurderast i planen.

I det vidare arbeidet med planprogrammet vart ansvaret for å lage ei oppsummering av status, utfordringar, målsetjingar og behov for innhenting av ny kunnskap knytt til dei ulike tema som skal handsamast i samsfunnsdelen, fordelt på personell i administrasjonen.

Den administrative arbeidsgruppe har i hatt ei rekkje møter og drøftingar knytt til arbeidet med å lage eit samla planprogram basert på innspela frå dei ansvarlege fagpersonane i administrasjonen.

Ferdig utkast låg føre 15.10.2018, og vart lagt fram for Kommunplanutvalet i møte 16.10.2018.

Planprogrammet vil verta lagt fram for politisk handsaming i Formannskapet 30.10.2018, og vil deretter verta lagt ut på høyring, for innspel frå ulike faginstansar og publikum.

3.4.2 Planen

Arbeidet med sjølve planen vil i all hovudsak verta utført av kommuneadministrasjonen, men med hjelp av fagpersonar utanfrå, mellom anna gjennom etablering av arbeidsgrupper med representantar frå aktuelle lag og organisasjonar når det gjeld einskilte tema.

Formannskapet som i eigenskap av Kommuneplanutval er styringsgruppe for arbeidet, vil verta involvert gjennom drøftingsmøte knytt til både planprogrammet og arbeidet med dei ulike tema i planen, samt i arbeidet med å utforme retningslinjer for gjennomføring av kommunen sine eigne mål og strategiar, jfr. pkt. 8 i planprogrammet.

Kommuneplanutvalet vil under arbeidet med planen verta oppdatert undervegs om status og problemstillingar som krev politisk avklaring.

Kommunen som organisasjon vert involvert gjennom det ansvaret dei ulike delane av administrasjonen får for arbeid knytt til dei einskilte tema som skal utgreiast, og elles gjennom dei løpande leiar- og personalmøtene.

Publikum vil verta invitert til å kome med innspel, både gjennom at representantar for ulike lag og organisasjonar deltek i einskilte arbeidsgrupper, og ved invitasjon til å kome med innspel både under arbeidet med planen, og i høyringsrunden når eit planutkast ligg føre.

Det vert elles vist til planen for medverknad som det er gjort greie for i pkt. 3.2 i planprogrammet.

4 Rammer for planarbeidet

4.1 Nasjonale rammer

4.1.1 Statlege retningslinjer

Innhald

Om statlege retningslinjer heiter det i § 6-2 i plan- og bygningslova:

«Kongen kan gi statlige planretningslinjer for landet som helhet eller for et geografisk avgrenset område.

Statlige planretningslinjer skal legges til grunn ved:

a) statlig, regional og kommunal planlegging etter loven her,

b) enkeltvedtak som statlige, regionale og kommunale organer treffer etter loven her eller annen lovgivning.

Forslag til statlige planretningslinjer skal sendes på høring med seks ukers frist for uttalelse før de vedtas.

Departementet skal gjøre statlige planretningslinjer kjent for alle berørte offentlige organer, interesserte organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.»

Fylgjande retningslinjer er vedtekne pr. august 2018:

FOR-1995-09-20-4146: Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.

FOR-2009-09-04-1167: Statleg planretningslinjer for klima- energiplanlegging i kommunene.

FOR-2011-03-25-335: Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.

FOR-2014-09-26-1222: Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

4.2 Regionale rammer

4.2.1 ATP Haugalandet

Om planen som vart vedteken i 2017, heiter det i fylkeskommunen si orientering:

«Planen, som er en revisjon av tidligere plan, skal bidra til at Haugalandet framstår som en attraktiv region for både innbyggere og næringsliv. Kvaliteter som variert boligmarked, attraktive tettstedssentre og god tilgjengelighet skal videreutvikles. Samtidig styrkes fokuset på nærhet, miljø og samhandling i regionen.

Planen legger til rette for en utvikling som bygger opp om by-, tettsteds- og grendesentre i alle deler av regionen, slik at de i størst mulig grad kan:

- *Gi rom for vekst og utbygging av boliger, næringsvirksomhet og offentlige funksjoner.*
- *Dekke daglige behov, skape møteplasser og styrke lokal identitet.*
- *Gi korte avstander til handel, service, arbeidsplasser og andre funksjoner.*
- *Tilrettelegge for å gå og sykle, eller ta bussen der det er mulig.*
- *Videre utvikling av vegnettet, tilgjengelighet og trafiksikkerhet – differensiert ut fra forutsetninger og utfordringer i ulike deler av regionen.*
- *Planen tilrettelegger også for videre utvikling av vegnettet, tilgjengelighet og trafiksikkerhet – ut fra forutsetninger og utfordringer i ulike deler av regionen.*
- *Planen inneholder felles strategier for hele regionen, med økt grad av koordinering i de ytre kommunene der veksten har vært størst. Planen har blitt til i samarbeid med kommunene og statlige etater og skal følges opp gjennom et regionalt samarbeid med areal- og transport»*

4.2.2 Utviklingsplan for Haugesundregionen 2017 – 2020 med tiltaksplan

I innleiinga til planen heiter det:

- *«Utviklingsplan Haugesundsregionen er de ti kommunen i regionen sitt grep for å ta regi på fremtiden, - å bidra til sterkere samhandling mellom næringslivet, utdannings- og forskningsmiljøer og offentlige aktører»*

4.2.3 Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024

I regionalplanen vert det redegjort for den tette samanhengen mellom friluftsliv og naturforvaltning, og for korleis fylkeskommunen skal arbeide for å trekkje positive ringvirkningar ut frå dette. Rogaland Fylkeskommune legg vekt på at det er eit ynskje om at alle skal kunne nyte godt av å være ute.

EUs 7. Miljøhandlingsprogram seier at velstanden og miljøet vårt må basere seg på at naturressursane skal forvaltast på ein bærekraftig måte. Biologisk mangfald må beskyttast, verdsettast og gjenopprettast på ein måte som bidrar til at samfunnet vårt vert meir robust.

Det er dette fylkeskommunen ynskjer å sikre gjennom regionalplanen «Ute i Rogaland».

<http://www.rogfk.no/Plan-Rogaland/Regionale-planer-og-strategier/Folkehelse-og-friluftsliv/Regional-plan-for-friluftsliv-og-naturforvaltning-2017-2024>

4.2.4 Regionalplan for folkehelse 2014-2017

Med Regionalplan for folkehelse ynskjer Rogaland Fylkeskommune å synleggjere at folkehelse er samfunnsutvikling, og at ein helsefremmande politikk på alle samfunnsområder vil vera ei lønnsom investering for fortsatt vekst og bærekraftig utvikling i fylket.

Gjennom kunnskapsbaserte tiltak og ein rettferdig fordeling av ressursane i tråd med lokalt utfordringsbilde, vil fylket bidra til å oppfylle hovedmålet i planen om å fremje god helse samt jamne ut sosiale helseforskjellar. Helse i plan og vidare utvikling av partnerskap for folkehelse i Rogaland vil vera sentrale virkemiddel i så måte.

<http://www.rogfk.no/Vaare-tjenester/Folkehelse>

4.2.5 Regionale utviklingstrekk Rogaland 2016

I Rogaland fylkeskommune sin omtale av dokumentet heiter det:

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

«Rapporten Regionale utviklingstrekk Rogaland 2016 gir en oversikt over langsiktige utviklingstrekk innen viktige samfunnsområder som demografi, samferdsel, kompetanse og næringsutvikling.

Rapporten gir oppdatert informasjon om utvikling innen disse områdene, og bidrar som kunnskapsgrunnlag i utarbeidelse av regionalpolitiske mål og strategier.

Blant annet viser rapporten at befolkningsveksten i Rogaland er 0,7 prosent i 2015. Vi må tilbake til 2001 for å finne en lavere befolkningsvekst.

Rogaland har også høyeste innenlandske nettoutflyttingen av fylkene i landet i 2015. Nettoutflyttingen var på 1124 personer i 2015 i forhold til 250 personer i 2014.»

4.2.6 Regionplan for energi og klima 2010 - 2020

I Rogaland fylkeskommune sin omtale av planen heiter det:

«Planen gir regionale føringer for bærekraftig produksjonen av fornybar energi, og tiltak for effektiv energibruk og reduksjon av klimagasser i Rogaland. Planen er utarbeidet i et bredt administrativt og politisk samarbeid med kommuner, statsetater, næringsliv og forskningsinstitusjoner.»

4.2.7 Regional planstrategi 2017 – 2020

I Rogaland fylkeskommune sin omtale av dokumentet heiter det:

«Strategien beskriver viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer i Rogaland, og tar stilling til hvilke områder som skal følges opp gjennom planfaglig veiledning og regionalt utviklingsarbeid. Planstrategien ivaretar også nasjonale forventninger, og fungerer som et grunnlag i lokalt planstrategiarbeid.»

4.3 Kommunale planar

4.3.1 Planstrategi for Bokn kommune 2016 – 2019

Kommunen sitt planstrategidokument for perioden 2016 – 2019 som vart vedteke av kommunestyret i sak 068/16, legg føringar for arbeidet med kommuneplanarbeidet.

I dokumentet er kommunen sine strategiske val drøfta, saman med utfordringar knytt til kommunestruktur, arealbruk, klima og miljø, næringsutvikling, kommunal drift og kommunen sine planbehov.

Samfunnsdelen i kommuneplanen viderefører og detaljerer desse drøftingane innfor ulike tema.

4.3.2 Kulturminneplan for Bokn kommune

Denne planen er under arbeid. Det er teke sikte på at planen skal vera ferdigstilt i juni 2019.

4.3.3 Oversiktsdokumentet Folkehelse

God oversikt over helsa til innbyggjarane og kva faktorar som verkar inn på denne, er ein føresetnad for å beskrive folkehelseutfordringar og ressursar, og naudsynt for å kunne planleggje og for å

gjennomføre tiltak. Kommunen si plikt til å ha oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar fylgjer av folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa.

Oversiktsdokumentet er ei samanstilling av informasjon som finst om helsetilstanden til boknarane. Dokumentet er ikkje eit plandokument og det fylgjer ingen bestillingar med.

<https://www.bokn.kommune.no/tenester/organisasjon/folkehelse/oversiktsdokumentet-hovuddokument.12334.aspx>

4.3.4 Kommunedelplan Bokn – Idrett og fysisk aktivitet

Idrettsplanen er ein kommunal plan for idrett og aktivitet. Planen må sjåast i samanheng med gjeldande kommuneplan. Ein godkjend plan for idrett og aktivitet er ein føresetnad for å søkje spelemlidar til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg i kommunen. Planen er eit viktig arbeidsreiskap i planbehandling av utbygging av anlegg og område for idrett og aktivitet.

5 Utviklingstrekk

5.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga bygger på SSB si folketalsutvikling MMMM Hovudalternativet:

Folkemengd 2007 – 2017

2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
793	823	811	831	837	851	863	868	865	855	844

Folkemengd 2018 – 2028

Stipulert vekst = middels nasjonal vekst

2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
839	846	835	830	823	818	815	809	811	815	803

Folkemengd 2029 – 2039

Stipulert mogleg vekst = middels nasjonal vekst (Hovudmodellen) + 1,0 % vekst frå 2029

2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039
806	800	800	790	790	790	790	775	770	770	770

Stipulert vekst = høg nasjonal vekst

2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
844	850	841	835	830	829	823	819	824	824	825

Stipulert mogleg vekst = høy nasjonal vekst + 1,0 % vekst frå 2029

2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039
834	831	827	826	826	829	830	831	832	828	825

Folketalsutvikling 2007 – 2017: Registrert betydeleg vekst

Folketalsutvikling 2018 – 2028: Stipulert vekst er negativ

Folketalsutvikling etter 2029(Rogfast): Stipulert vekst er negativ

Bokn kommunen har fram til 2014 hatt ein samanhengande og stabil auke i folketalet. Men frå 2015 peiker pila nedover – både når ein tek utgangspunkt i middels nasjonal vekst og når ein tek utgangspunkt i høg nasjonal vekst. Om ein legg til grunn høg nasjonal vekst pluss 1% vekst er det likevel stipulert negativ vekst fram til 2040. Ein ser det som vanskeleg å snu denne utviklinga utan at ein får ei markant tilflytting til kommunen.

Det er vanskeleg å spå om kva konsekvensar Rogfastutbygginga vil få for Bokn når det gjeld folketalet. Men ei føresetnad for auka tilflytting og busetnad er at det til ei kvar tid kan tilbys eit variert tilbod om byggeklare tomter, bustadhus og leiligheter.

I planen legg ein til grunn ei forsiktig, men optimistisk folketalsvekst basert på høg nasjonal vekst pluss 1 % frå 2029. Ein merker seg at det er eit stort avvik på ca 300 personar mellom folketalsframskrivinga i Planstrategidokumentet som bygde på SSB-tal frå 2016 og dei siste SSB-tala frå august 2018 - som ligg til grunn i dette plandokumentet.

5.2 Alderssamansetting

Framskriving befolkningsutvikling i Bokn 2018 – 2040 – middel nasjonal vekst (Hovedalternativet) + 1% vekst frå 2029

Aldersgruppe	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0 – 5 år	47	52	48	48	46	44
6 – 15 år	115	94	86	88	81	81
16 – 66 år	518	520	506	488	469	430
67 år og eldre	164	172	173	179	192	215
Sum	844	839	813	803	788	771

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

Framskriving befolkningsutvikling i Bokn 2018 – 2040 – høg nasjonal vekst + 1% vekst frå 2029

Aldersgruppe	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0 – 5 år	47	53	48	53	52	49
6 – 15 år	115	94	86	94	98	99
16 – 66 år	518	522	512	500	482	455
67 år og eldre	164	172	173	185	198	222
Sum	844	841	819	831	830	825

Utvikling i aldersgruppene 0 – 5 (barnehage):	Årgangstal på 9 - 10; stabilt i perioden
Utvikling i aldersgruppene 6 – 15 (grunnskule):	Årgangstal på 9 - 10; minkande i forhold til 2018 og tidlegare
Utvikling i aldersgruppene 16 – 66 (bustadbehov):	Sterkt minkande frå 2018 til 2040 med mellom 60 – 80 personar
Utvikling i aldersgruppene 67 + (pleie- og omsorg)	Sterk auke i aldersgruppa 67+

Årgangstalet i aldersgruppene for barnehage og skule er på 9 – 10. Dette er lite i forhold til ein «normal» størrelse på skuleklassar på 25 – 30.

Aldersgruppa 20 – 35 år minkar frå 145 i 2018 til rundt 130 i 2040.

Bokn må gjere ei vurdering om kva konsekvensar endring i folketalet vil kunne få for det kommunale tenestetilbodet, økonomi, visjon og målsettingar.

5.3 Demokrati

Demokrati betyr at innbyggjarane deltek aktivt i viktige politiske beslutningsprosessar og at alle har like rettigheter til å delta. I vår tid er demokratia som regel representative demokrati, der folket styrer, blant anna gjennom å avgje stemme i allmenne val, og ved å stille opp som kandidat til ulike politiske verv i slike val. Moderne demokrati har i tillegg eit varierende innslag av direkte demokrati i form av folkeavstemningar, der folket blir bedt om å ta stilling i avgrensa saker, og der innbyggjarane kan påvirke sine valgte representantar før, under og etter utforminga av eit politisk vedtak (SSB). Eit døme på dette er folkeavstemninga knytta til spørsmålet om kommunesamanslåing, som fann stad i Bokn i 2016.

5.3.1 Status

Samfunnet er i endring, så også på Bokn. Historisk er ikkje dette nytt, men eit resultat av ny kunnskap om kva faktorar som verkar inn på levekåra våre samt på dei økonomiske forholda. Det er viktig å skaffe objektiv kunnskap om kva samfunnsendringane i dag vil bety for framtida før ein iverkset tiltak. Klima og miljøspørsmål er naturleg å nemne som eit døme i denne samanheng.

Vi erfarer at det vert stilt spørsmålstegn ved berekrafta i velferdsordningane vi nyt godt av i Noreg i dag og kva som må til for at komande generasjonar også skal få ta del i like sikre ordningar. Dei seinare åra har vi vorte introduserte for «Kommune 3.0» - tenkinga der intensjonen er auka samskaping mellom aktive innbyggjarar, kommune og privat verksemd. Eller sagt på ein annan måte: «Kommune 3.0 er en bevegelse vekk fra tenkningen om at kommunen er servicevirksomhet, mot en tenkning om at kommunen er et politisk ledeste lokalsamfunn av aktive, ansvarsbeviste innbyggere.” (Fossbakken:Veien til Kommune 3.0). Døme på samskappingsprosjekt lokalt er mellom anna drifting av den nye fleirbrukshallen, bygging av ny sjukeheim, lyssetjing av tursti m.m.

Historisk har samfunnsendingane vore drivkrafta i ei vekslende grad av engasjement ved val og deltaking i demokratiske prosessar. Heilt fram til slutten av 1800 – talet tyder tala på at interessa for å stemme ikkje var særleg stor. Valdeltakinga var på 50 prosent eller under fram til 1880 (Statistikkrådgiwer Øyvinn Kleven, SSB). I reine tal auka antalet stemmeberettiga jevnt og trutt utover 1800-talet, men i og med at folketalet i Noreg steig enno meir i same periode, blei andelen av befolkninga med stemmerett faktisk lågare. Heilt fram til 1993 fall aldri valdeltakinga under 80 prosent. Ved valet det året sank den imidlertid til 76 prosent, og sidan har vi ikkje sett 80-tallet i stortingsval (Kleven, SSB).


5.3.2 Utfordringar

Frå Arendals- veka 2018 høyrer vi at ungdom ikkje lenger er opptatt av demokrati og demokratiske prosessar. Dette vert naturleg nok møtt med påstandar om at dette ikkje stemmer. Dei lærde strides også på dette området. NOU 2011:20 «Ungdom, makt og medvirkning» slår dog fast at ungdom i dag gjerne deltek i samfunnsdebatten via teknologiske nyvinningar som sosiale plattformer, men at dei avstår frå å gå til valurnene. Ynskjer vi å oppretthalde demokratiet er dette bekymringsfullt.

Sidan 2011 er det, frå staten si side, tatt grep og ein noterer seg at folkehelse og livsmestring, demokrati, medborgarskap og bærekraftig utvikling kjem inn i dei nye læreplanane, som skal gjelde frå 2020 (grunnskulen).

Tal frå Kommunehelse statistikkbank viser at Bokn kommune hadde høg valdeltaking også ved forrige Stortingsval. Kommunen ligg godt over både landsgjennomsnittet, men også høgare enn Rogaland fylke. Dei demografiske forholda er kanskje årsaka til dette, men denne påstanden baserer seg på antagelsar. Historia viser at det er kvinnene som kjenner på det største ansvaret ved val; Bokn kommune ligg høg på statistiken når det kjem til høg andel eldre kvinner i kommunen – derav antagelsen om årsaka til den høge valdeltakinga.

Tabell 1: Valdeltaking ved Stortingsvalet 2017




NOU 2011:20 «Ungdom, makt og medvirkning» slår fast at ungdom i dag gjerne deltek i samfunnsdebatten via teknologiske nyvinningar som sosiale plattformer, men at mange diverre avstår frå å gå til valurnene. Ynskjer vi å oppretthalde demokratiet er dette bekymringsfullt.

Sidan 2011 er det, frå staten si side, tatt grep og ein noterer seg at folkehelse og livsmestring, demokrati, medborgarskap og bærekraftig utvikling kjem inn i dei nye læreplanane, som skal gjelde frå 2020 (grunnskulen).

Tal frå KommuneHelsa statistikkbank viser at Bokn kommune hadde høg valdeltaking også ved forrige Stortingsval. Kommunen ligg godt over både landsgjennomsnittet, men også høgare enn Rogaland fylke. Dei demografiske forholda er kanskje årsaka til dette, men denne påstanden baserer seg på antagelsar. Historia viser at det er kvinnene som kjenner på det største ansvaret ved val; Bokn kommune ligg høg på statistiken når det kjem til høg andel eldre kvinner i kommunen – derav antagelsen om årsaka til den høge valdeltakinga.

Tabell 2 : Kommunestyreval i perioden 1959-2015; stemmer og valgdeltaking Bokn kommune

Kommunestyrevalget. Stemmer og valgdeltakelse, etter fireårlig. Bokn, Valgdeltakelse i prosent.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

5.3.3 Suksessfaktorar

For Bokn kommune sin del vil det vera avgjerande å tilretteleggje for gode medverknadsprosessar i åra som kjem for slik å bidra til engasjement og demokrati.

I tillegg vil det vera viktig å tilretteleggje for å møte engasjementet, innspela og ynskja om å delta i prosessar som angår innbyggjarane slik at ein opplever at ein vert teken på alvor.

Det krev kunnskap å, på ein god måte, tilretteleggje for medverknad og innbyggjarinvolvering. I så måte vil det vera nyttig å utarbeida ein strategi for kompetanseheving, både administrativt og politisk, på dette området.

5.4 Kommunen som organisasjon

Bokn kommune har i dag ein organisasjon som saman med eit bredt interkommunalt samarbeid og innkjøp av tenester frå private - er tilpassa dei forskjellige utfordringar og oppgåver kommunen skal løysa (generalistkommune).

Bokn og Karmøy har inngått ein omfattande samarbeidsavtale som gir rom for å samarbeide om dei fleste kommunale oppgåvene – om Bokn skulle ynskje dette. I dag gjeld dette samarbeid om felles PPT, barnevern, jordmorteneste, NAV-tenester, landbruk og bygge- og oppmålingstenester. I tillegg tar Bokn kommune del i interkommunalt samarbeid mellom anna når det gjeld renovasjon, brann, oljevernberedskap, legevakt, krisesenter, arbeidsgjevarkontroll mm.

Overføring av oppgåver frå Bokn til andre samarbeidspartnarar har ført til at kommunen sin eigen organisasjon er redusert.

Ein må no vurdere på kva måte kommunen skal prioritere og utvikle eigen organisasjon for å nå ynskja utvikling – og knytte dette direkte opp mot prioriterte satsingar.

5.5 Folkehelse

Folkehelse vert definert som den samla helsetilstanden i befolkninga og korleis denne fordeler seg mellom innbyggjarane. Faktorar som verkar inn på folkehelsa er alt frå oppvekst – og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulukker, tobakksbruk og alkohol og anna rusmiddelbruk.

Helsa vert til der folk lever og bur.

5.5.1 Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma er ein retningsreform for å sikre kvaliteten i helsetenestene samt for å sikre ei bærekraftig samfunnsutvikling. Eit av måla med reforma er å fremje helse og førebygge sjukdom. Folkehelselova er, saman med helse og omsorgstenestelova sine førebyggjingsbestemmelsar, dei rettslege verkemidla for å nå målsettingane i samhandlingsreforma. Kommunen si kanskje viktigaste oppgåve er, jfr. § 7 i folkehelselova, å gje informasjon, råd og veiledning om kva vi som enkeltindivid sjølv, men også som del av eit samfunn, kan gjere for å fremje helse og for å forebygge sjukdom. I tillegg har kommunen den opplagte sentrale rolla i, planmessig, å tilretteleggje for eit samfunn som gjev rom for å ta gode val for helsa (T.d.: Gang – og sykkelstiar, trygge uteområde og grøntareal som inviterer til sosialisering).

5.5.2 Eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Bokn kommune har lenge hatt høgt fokus på folkehelsearbeid. Gjennom nye samarbeidsformer og strukturar er innsatsen intensivert. Kunnskap om helsetilstanden gjer oss i stand til å iverksette naudsynte tiltak.

5.5.3 Status - Utviklingstrekk

Innbyggjarane på Bokn har god folkehelse. Ein ser likevel, som for landet generelt, at kombinasjonen av usunne vanar og stigande alder gjer at vi ser grunn til å oppretthalde fokuset på helsefremjande og førebyggjande tiltak. Alderen i befolkninga er det vanskeleg å gjere noko med, men tiltak som gjer det lettare å ta sunne val kan bidra til å oppretthalde den gode situasjonen vi ser i dag.

I eit folkehelseperspektiv er den høge gjennomsnittsalderen kanskje det viktigaste trekket ved befolkningsamansetninga på Bokn. Det at kommunen har ei aldrande befolkning gjer kommunen utsett for aukande grad av helseplager hjå innbyggjarane. Befolkningsamansetning utgjer eit viktig utgangspunkt for korleis helsetilstanden fordeler seg i kommunen.

5.5.4 Lågt fysisk aktivitetsnivå

På generelt grunnlag er det nærliggjande å tru at Bokn diverre fylgjer trenden på regionalt nivå – altså at ein på Bokn er mindre fysisk aktiv enn landsgjennomsnittet. Rogaland fylke under eitt, kjem på nest siste plass som det fylket der ein er minst fysisk aktiv. Då fysisk aktivitet er ein av dei viktigaste faktorane for førebygging av sjukdom er det difor viktig å prioritere tiltak som fremjar

fysisk aktivitet. Då befolkninga på Bokn eldast og fordi det fysiske aktivitetsnivået går ned etterkvart som ein vert eldre, vil dette vere svært viktig å ta med seg i prioriteringa av tiltak i åra som kjem.



Helsetilstanden er eit resultat av situasjonen den enkelte er fødd inn i. Til dømes ser ein at born av personar med høg utdanning tek gjerne høg utdanning sjølv. Vi ser ein tydeleg tendens til at høgare utdanningsnivå aukar sannsynlegheita for eit langt liv med god helse. Totalt sett er helsetilstanden betre i samfunn med små forskjellar enn i samfunn der forskjellane er store. Eit av hovudmåla i folkehelsearbeidet er å redusere sosial ulikheit i helse ved å løfte helsetilstanden i den delen av befolkninga som har dei største utfordringane.

For å nå dette målet er det viktig at kommunen arbeider for:

1. å tilrettelegge for at det skal bli lettare å ta ansvar for eiga helse
2. å tilrettelegge for at ein skal førebyggje meir og reparere mindre
3. å tilrettelegge for at det vert danna breie alliansar for folkehelse
4. å tilrettelegge for eit velfungerande tverrsektorielt samarbeid med fokus på helsefremjande faktorar, førebygging og reduksjon av sjukdom
5. å tilrettelegge for at prioriteringane innanfor satsingsområdet er tufta på kunnskap og på kost/nytte
6. å tilrettelegge for bruk av innovative løysingar og velferdsteknologi

5.5.5 Suksessfaktorar

Ein av dei viktigaste suksessfaktorane for å lukkast i folkehelsearbeidet, er at ein har kunnskap nok om "kor skoen trykkjer" og at den tverrsektorielle forankringa er tilstades. I tillegg er det avgjerande at alle har sams forståing av at *alle* tenesteområde har og skal ha like stor plass i folkehelsearbeidet. Dei ansvarlege innføre dei ulike tenesteområda lyt seg utfordre til å tenke "helse i alt" og å tenkje nye tankar saman. Det vil vera av avgjerande betydning å sikre medverknad frå innbyggjarane.

5.6 Samferdsel og kommunikasjon

Kommunen har i dag forbindelse med sørfylket via ferjesambandet Arsvågen – Mortavika, og med resten av nordfylket via E39.

Kollektivtilbodet er avgrensa til Kolumbus sine bussruter til nordfylket, og til Kystbussen si gjennomgåande rute.

I høyringsuttale til Rogaland fylkeskommune sin strategiplan for kollektivtrafikken i fylket, gjorde formannskapet fylgjande vedtak i sak 022/08:

- *Under forutsetning av at det også tas distriktpolitiske hensyn når tiltak skal iverksettes, anbefaler Bokn kommune at den foreliggende strategiplan legges til grunn for det vidare arbeidet med å styrke kollektivtrafikken i fylket.*
- *Det forutsettes vidare at det først tas standpunkt til evt. restriktive tiltak etter at en vurdering av alle konsekvenser av disse er foretatt.*
- *Ungdomskortet må også gjelda for Kystbussen.*
- *Hovedbusstoppet for direkte buss frå/til Bergen må flyttast frå Arsvågen til busstopp på Vestre Bokn ved Boknasund bru.*
- *Skuleruta til Haugesund må oppretthaldast som eit rutetilbod heile året uavhengig av skuleferiane.*

Dei store vegprosjekta som er under planlegging og bygging, vil få konsekvensar også for Bokn kommune.

Som ein del av den planlagde utbygginga av E39 mellom Kristiansand og Bergen, vil Rogfast som er forventa ferdig i 2025/2026, leggje til rette for ein utvida bu- og arbeidsmarknad i regionen.

Reisetida mellom Bokn og Stavanger vil vert redusert med ca. ein halv time, og reisetida mellom Bokn og Stord vil verta redusert med ca. ein halv time.

Med ei god tilknytting til den framtidige E39, vil føresetnaden for både næringsutvikling og auke i busetnaden vera til stades, og det er viktig at den kommunale planlegginga legg til rette for å utnytte desse føresetnadane på ein optimal måte.

Dette vil i stor grad måtte skje gjennom ei fullstendig rullering av kommuneplanen sin arealdel, som er neste fase i planarbeidet, der det også bør vurderast ei samfunnsmessig rett utnytting av steinmassane frå anlegget.

Også for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel vil desse store samferdselsprosjekta vera ein viktig premiss når det gjeld dei ulike tema som skal drøftast.

Dette gjeld sjølvstøtt tiltak for å auke busetnaden og utvikling av næringslivet, men også for tema knytt til klima og miljø og utvikling av dei ulike tenesteområda i kommunen.

Sjølv om den framtidige E39 vil opne opp for ei positiv utvikling av dei ulike delane av kommunen, er det viktig at det snarast vert avklara eit endeleg traseval over kommunen.

Så lenge endeleg trase ikkje er valt, legg dette hinder i vegen for vidare arealplanlegging i deler av kommunen.

Våren 2013 vart det inngått avtale med Haugaland Kraft om utbygging av breiband for heile kommunen. I kontrakten tok Haugaland Kraft utgangspunkt i at det er ca 541 husstandar som er i målgruppa, og ved ein dekning på 68% dvs. 368 tilknyttingar i løpet av 2 år, vil utbygginga ikkje koste noko for Bokn kommune.

Avtalen med Haugaland Kraft har ført til at breiband-dekkinga er tilfredsstillande i alle delar av kommunen.

Mobiltelefondekkinga i store delar av kommunen er ikkje tilfredsstillande.

5.7 Klima, miljø og energi

Klimaet er i endring, og dette vil få verknader også for Bokn kommune.

5.7.1 Klimaprofil Rogaland

Av dokumentet «Klimaprofil Rogaland» går det fram at dei forventa klimaendringane i Rogaland særleg vil føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn; havnivåstigning og stormflo; endringar i flaumtilhøve og flaumstorleikar; og skred.

Temperatur

Gjennomsnittleg årstemperatur i Rogaland er berekna å auke med ca. 3,5 °C. Den største temperaturauken er berekna for vinteren, ca. 4,0 °C, medan sommartemperaturen er berekna å auke med ca. 3,5 °C. Vekstsesonen vil auke med 1-3 månader, og mest i ytre kyststrok. Vinterstid vil dagane med svært låg temperatur bli sjeldnare. Det er ikkje forventa at temperaturendringane i seg sjølv vil få vesentlege konsekvensar for den kommunale planlegginga, men dei kan gje effektar i kombinasjon med endringar i andre klimaelement, til dømes nedbør.

Nedbør

Årsnedbøren i Rogaland er berekna å auke med ca. 10 %. Sesongmessig fordeler dette seg slik:

Vinter: 20 %

Vår: 10 %

Sommar: 5 %

Haust: 10 %

Det er forventa at episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og hyppigheit i alle årstider. Dette vil stille større krav til overvasshandteringa i framtida. Nedbørintensiteten for døgn med kraftig nedbør vert forventa å auke med ca. 15 %. Minst auke i intensitet (5 %) er forventa i vårmånadane. For varigheiter kortare enn eitt døgn, er det indikasjonar på større auke enn for døgnnedbør. Inntil vidare vert det føreslege eit klimapåslag på minst 40 % på regnskyll med kortare varigheit enn 3 timar.

Vind

Klimamodellane gir lita eller inga endring i midlere vindtilhøve i dette århundret, men usikkerheita i framskrivingane for vind er stor. Det viktigaste for kommunar er at kunnskap om lokale vindtilhøve vert teke med i planlegga.

Snø

Det er berekna ei stor reduksjon i snømengdene og antall dagar med snø i lågareliggande område, men det vil framleis være einskilde år med betydeleg snøfall sjølv i låglandsområder. Det vil bli fleire smelteepisodar om vinteren som fylgje av auke i temperaturen.

Høgareliggande fjellområde kan få aukande snømengder fram mot midten av århundret. Etter dette vert det forventa at auka temperatur etter kvart vil føre til mindre snømengder også i desse områda.

5.7.2 Energi- og klimaplan

Bokn kommune vedtok i desember 2011 ein energi- og klimaplan for kommunen.

Denne planen tek føre seg lokale konsekvensar og behov for tilpassingar til eit klima i endring.

Vidare inneheld planen eit oversyn over energisituasjonen i kommunen, med framlegg til tiltak for å redusere energiforbruk. Det er og vist til tiltak for bruk av fornybar energi, samt tiltak for klimavenleg energiproduksjon og lågare klimagassutslepp.

Planen inneheld framlegg til administrative og organisatoriske mål innafor tema energi, klima og miljø, samt mål og tiltak knytt til klimatilpassing.

Avsnitt 8 i planen inneheld ein omtale av tiltak, kven tiltaket får konsekvens for, effekt, kostnad, ansvar.

Planen har ein planperiode på fem år, 2011 – 2016, og det er difor behov for å ajourføre denne, mellom anna ut frå dei oppdaterte data knytt til dei forventa klimaendringane.

5.7.3 Planstrategi for Bokn kommune 2016-2019

Når det gjeld miljøutfordringar viser planstrategidokumentet til at det ikkje er nokon lokale verksemder som er kjelde for ureining av noko omfang. Det er likevel to område kommunen ser behov for å vurdere noko nærare:

Trafikk

E39 går gjennom heile kommunen på langs. Trafikkmengda vil auke og Statens vegvesen arbeider med planar om ny 4-felts veg. Etter det vi kjenner til vil den nye vegen bli bygd i ein ny tracé der eksisterande veg blir lokal tilførsleveg. I så fall vil total kapasitet bli auka frå 2 til 6 felt. Ein ny 4-felts veg med stiv horisontal- og vertikalkurvatur vil prega landskapsbiletet i kommunen i stor grad og må ta i bruk område som til nå har vore lite prega av aktivitet. Det er nå lagt opp til at ei ny vegline skal få «velja først», og før framtidig vegstandard er drøfta. Det er ikkje gitt at det bør vera slik.

Samfunnstryggleik

Bokn ligg ope til mot skipsleia og mot Boknafjorden/Nordsjøen. Transporten av farleg gods på E39 vi truleg auke. Faren for ureining frå kjelder utanfor kommunen er truleg mykje større enn faren for lokal ureining. Eit anna forhold gjeld tryggleiken i Rogfast når den tid kjem. Dette er eit ansvar som i dag ligg på den einskilde kommunen, men som bør sjåast i ein større samanheng.

5.8 Økonomi og nytt inntektssystem

Gjeldande samfunnsdel i kommuneplanen byggjer på stabile økonomiske rammevilkår - både i forhold til rammetilskot, skatt/eigedomsskatt og kommunen sine inntekter elles.

Det nye inntektssystemet som er vedtatt gjort gjeldande for kommunesektoren frå 2017 og vidare stortinget sitt vedtak om bortfall av eigedomsskatt for verk og bruk frå 2019, fører til at kommunen gjennom ei nedtrapping over dei kommande 7 åra får ei sterk reduksjon i inntekter. Dette får konsekvensar for kommunen si evne til å oppretthalda det tenestetilbodet ein har hatt og evne til å gjennomføra nødvendige investeringsprosjekt.

Den demografiske utviklinga i kommunen med eit lågare folketal i planperioden er med på å forsterke denne negative økonomiske utviklinga.

Visjon og målsettingar for det framtidige kommunale tenestetilbodet til innbyggjarane må vurderast ut frå dei nye økonomiske rammevilkåra.

6 Temaområde

6.1 Folkehelse

6.1.1 Status – situasjonen i dag

Folkehelsa på Bokn er generelt sett god. Men, vi ser likevel teikn på at helsa fordeler seg ulikt i befolkninga. Å jamne ut desse forskjellane generelt sett, er så også hovedmålsettinga for folkehelsearbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt.

6.1.2 Utfordringar

Vi har ikkje konkrete, lokale tal på dette, men ei totalbiletet seier oss at boknarane med fordel kan vera i enno meir fysisk aktivitet enn det dei er i dag. Tala for Rogaland Fylke er nedslåande: Fylket ligg langt nede på tabellen jamfør fysisk aktivitet i befolkninga. Det er nærliggjande å tru at boknarane fylgjer denne trenden. Fysisk aktivitet førebyggjer muskel og skjelettlidelsar – lidelsar som i dag representerer hovedårsaka til store delar av sjukemeldingane i arbeidslivet. Dette gjeld også for Bokn. I tillegg har Bokn, som andre kommunar, høge tal når det kjem til utfordringar knytt til den psykiske helsa særleg hjå unge, men også til dels blant eldre boknarar. Det vil difor vera viktig å tilretteleggje for sosiale møteplassar både på kort og på lang sikt. Samfunnsplanlegging med fokus på dette vil vera av avgjerande betydning for den enkelte, men like fullt for kommunen under eitt.

God helse gjer godt og er god økonomi; for den enkelte og for samfunnet.

6.1.3 Målsetjingar

Hovudmålsetjinga for folkehelsearbeidet har vore, og er, å systematisk arbeide for å jamne ut forskjellar i korleis helsa fordeler seg i befolkninga på Bokn. Det er også eit mål i seg sjølv å tilretteleggje for å gjera den enkelte betre rusta til å leggje liv til åra for slik å auke livskvaliteten på både kort og på lang sikt.

6.1.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Kunnskapsdokumentet («Folkehelsa i Bokn – ei oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar») som er utarbeida, skal reviderast innan hausten 2019.

6.2 Omsorg

6.2.1 Status – situasjonen i dag

Kommunen yter omsorg til ulike brukargrupper, og tenestene vert gitt som heimetenester, i miljøarbeidarteneste og til brukarar med institusjonsplass. Kommunen er i ferd med å ferdigstille ei utbygging av heildøgnsomsorgsplassar fordelt på 4 nye institusjonsplassar og 7 heildøgns omsorgsboligar. Dette vil gi kommunen ei høg dekningsgrad på heildøgnsomsorg. Kommunen har fleire omsorgsboligar nært knytta til sjukeheimen, og desse er godt eigna til mennesker i ulike alderar som treng ulik grad av omsorgstenester.

6.2.2 Utfordringar

Kommunen har høg produksjon av omsorgstenester knytta til heildøgnsomsorg. Ut frå befolkningsframskrivingane og dei økonomiske rammene i kommunen samt nasjonale føringar er det behov for å styrke bl.a førebyggjande, helsefremmande og rehabiliterande tenester slik at fleire kan bu heime lengst mogeleg.

6.2.3 Målsetjingar

Kommunen ynskjer å legge til rette for ein tenestestruktur der ein tildeler tenester etter BEON prinsippet (Beste effektive omsorgsnivå). Dette prinsippet byggjer på at kommunen tilbyr ein trinnvis opptrapping av omsorgstenester ut frå ei målsetting om at den enkelte skal så lenge som mogleg få mestre livet sitt sjølv, ha ein aktiv rolle i sitt eige liv, og kunne ta del i sosialt samvær.

6.2.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for å utforme ein langsiktig plan for helse og omsorgstenestene i Bokn kommune kor mål for tenesten og handlingsplan med tiltak vert skissert.

6.3 Skule/barnehage

6.3.1 Status – situasjonen i dag

Skulen og barnehagen har hatt noko minkande tal på born dei siste åra, og vil ut frå kjende fødselstal og SSB si framskriving for folketalsutvikling i Bokn fram til i dag og ha det dei kommande åra.

6.3.2 Utfordringar

Lågare fødselstal i Bokn gjer at både skulen og barnehagen får færre born. Behovet for tilsette i einingane vert dermed og redusert, noko som gjer at ein bør tenkje nytt i forhold til organiseringa av desse einingane i kommunen. Færre ansatte i ei faggruppe kan vere utfordrande for dei ansatte og deira fagmiljø, samt at det kan medverke på kvaliteten i tenesta. Kommunen kjøper PPT tenester av Karmøy kommune, men det kan og på sikt vere naudsynt å formalisere eit samarbeid om skulefagleg og barnehagefagleg utvikling med andre kommunar for å sikre at den faglege kvaliteten i barnehage og skule ikkje vert svekka grunna reduksjon av ansatte og små fagmiljø.

Barnehage og skule er i dag organisert som to separate einingar med kvar si leiing og kvar si personalgruppe. Skulen har no ei fådelt ordning (fleire trinn vert slått saman i ein klasse). Skulebygget slik det er i dag er ikkje tilpassa ei slik organisering (små klasserom), noko som gjer at fådelt ordning ikkje kan innførast på alle trinn, men må tilpassast frå år til år.

Det nåverande skulebygget oppfylgjer ikkje gjeldande krav til brannvern og ventilasjon, og nytt skulebygg er under planleggjing. Nytt skulebygg vil planleggjast ut frå synkande bornetall og behovet for ei meir fleksibel organisering av elevane i klassar og trinn.

6.3.3 Målsetjingar

Målsettjinga er å ha ein barnehage og skule i Bokn med høg pedagogisk kvalitet slik at born og unge vert rusta for å møte livets oppgåver, får kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv og meistre utfordringar saman med andre. Born som veks opp i Bokn skal få ei opplæring som kvalifisere for innsats i dagens arbeidsliv og kunne gå inn i yrker som ennå ikkje er skapte.

6.3.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er eit behov for å sjå på om kommunen skal formalisere eit samarbeid om å danne nettverk i forhold til å styrke den barnehagefagleg og skulefagleg kompetansen med ein nabokommune for å nå målsettjinga. Det er vidare behov for å sjå på og leggje til grunn folketalsutviklinga i kommunen når ein skal planlegge nytt skulebygg, og sjå på alternative måtar å organisere skulen og barnehagen slik at den pedagogiske kvaliteten ikkje vert sårbar grunna eit minkande antall ansatte og små fagmiljø.

6.4 Idrett

6.4.1 Status

Bokn Arena, grasbane, ballbinge, klubbhus (Bokn IL), kunstgrasbane og hestesenter (privat) skapar gode rammevilkår for dei fire idrettslag i Bokn; Bokn Idrettslag, Bokn Sykkelklubb, Bokn Taekwon-Do Klubb og Bokn Ride og Kjøreklubb - som til saman har eit breitt og variert tilbod.

To av laga har mange medlemmer og stor aktivitet. Dei andre to slit med medlemstalet, men driv også godt. Både Sykkelklubben og TaekwonDo-klubben deltar også på nasjonale arenaer og har utøvarar som hevdar seg der.

6.4.2 Utfordringar

TaekwonDoklubb og BORK: Medlemsfråfall og rekruttering av nye medlemmer.

Bokn IL: Få folk til å sitte i styre og stilla på dugnad. Få aktivitar for barn og unge. Ikkje alle småbarnsfamiliar har råd til å betala medlemskontigent. Små klassar = færre fotballag.

Bokn SK: Nye offentlege reglar; meir kostbart og vanskelegare å arrangera ritt.

6.4.3 Målsetjingar

Rekruttera nye medlemmer.

Oppretthalda aktivitetar. Fleire tilbod for barn og unge. Større lagsaktivitet. Få fleire til å engasjere seg.

Få fleire i Bokn i fysisk aktivitet.

6.4.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Tilrettelegga for gode treningsmiljø for å halda på og rekruttera nye medlemmer.

Oftare brukarmøter i Bokn Arena.

6.5 Kultur

6.5.1 Status

Med Bokn Arena i spissen for fleire eigna lokale i kommunen, er rammevilkåra gode for kunst- og kulturformidling. Kulturskulen er i auditoriedelen av skulen.

Haugalandmuseene AS, Museum Sydvest AS frå 01.01.19 (kor Bokn er med), gir regionen ei kraftfull museumsverksemd for nåtid og for framtida.

6.5.2 Utfordringar

Ressursar til oppgåveløysing og tilrettelegging. Begrensa fagmiljø, mange jobbar åleine. Økonomi.

Ikkje eige lokale til kulturskulen.

6.5.3 Målsetjingar

Å auka trivselen til boknarane i eit rikt og trygt miljø samt vidareutvikla kommunen sitt særpreg.

Få dei unge til å trivast så godt i Bokn at dei vender tilbake etter endt utdanning.

Styrka nærmiljøtiltak med å gi årleg tilskot til velforeningane.

Kombinasjonsbiblioteket skal vera ein uavhengig møteplass for alle og fremja opplysning, utdanning og ei brei kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling, kulturformidling og ved å stilla bøker og anna materiell til disposisjon for alle.

Samla museumstenestene under same tak.

Dokumentera, bevare og formidla kunnskap om felles kulturarv.

Oppretthalda å utvida eit variert musikk- og kulturskuletilbod.

6.5.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Relevante lokale til kulturskulen må sjåast i samanheng med ny skule.

6.6 Friluftsliv

6.6.1 Status – situasjonen i dag

Ein tør påstå at alt ligg til rette for å drive eit aktivt friluftsliv i kommunen. Bokn kommune har over mange år hatt fokus på å tilrettelegge for at innbyggjarar og besøkjande skal kunne ta seg fram både til lands og til vanns. I samarbeid med Friluftsrådet Vest har ein etablert fine friluftsområde både på Ognøy og på Are; kommunen sjølv har vore pådrivar for svært mange av tursti/turveg-prosjekta ein finn realisert i dag.

6.6.2 Utfordringar

Dei største utfordringane er knytt til begrensa ressursar til drift og vedlikehald av friluftsområda. Kommunen har difor jobba aktivt for å samarbeida med blant anna frivillig sektor og Friluftsrådet Vest på dette området. På kort sikt ser ein ikkje dei store utfordringane føre seg. Bokn kommune er godt skodd for eit aktivt friluftsliv slik forholda er i dag.

På lang sikt ser ein heilt klårt eit aukande behov for større fokus på tilrettelegging for fleire brukargrupper, det vil vera av avgjerande betydning å halda kulturlandskapet i hevd og med tanke på endringar når det kjem til klima og miljø, vil det verta spanande å fylgje utviklinga også for rammevilkåra for friluftslivet.

6.6.3 Målsetjingar

Hovudmålsetjinga med tilrettelegging for eit aktivt friluftsliv er å gjera innbyggjarane i stand til å ta vare på helse si mest sagt «rett utfor døra». Naturen, med fjell og fjord, er som eit stort treningsstudio å rekne. Eit aktivt friluftsliv betyr også uendelege moglegheiter for rekreasjon noko som igjen førebyggjer både fysisk og psykisk sjukdom og som gjev den enkelte betre livskvalitet. God helse gjer godt og er god økonomi for den enkelte av oss og for samfunnet.

6.6.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Basert på Rogaland Fylkeskommune si oppmoding om å delta i det nasjonale prosjektet «Kartlegging og verdisetting av friluftsområder og innfallsportar» er det eit behov for, lokalt i Bokn kommune, å ta tak i dette prosjektet. Det bør gjerast ei vurdering på om Plan for friluftsliv i Bokn, skal førast i pennen. Kartlegginga av friluftsområda våre vil danne grunnlaget for ein slik plan. Friske midlar vil på denne måten kunne nyttast meir kostnadseffektivt basert på planen og behovsutgreiinga.

6.7 Kyrkja i Bokn

6.7.1 Status – situasjonen i dag.

Kyrkja vert halde vedlike. Avtale om maling av kyrkja, er gjort. Arbeidet er ikkje påbyrja. Parkeringsplass kom på plass i 2017. Universell utforming og planane i samband med dette, vert ferdigstilla dette året.

6.7.2 Utfordringar

Areal for gravlegging.

Maling inne. Bør truleg gjennomgåast før kyrkjejubileum i 2022

Hovudinntak for straum vert påtala av Kraftlag og elektrikar. Bør fornyast snart.

Orgel. Det har blitt sett av midlar årleg, men vurderer tidsperspektiv for nytt

6.7.3 Målsetjingar

Male kyrkja inne til kyrkjejubileum i 2022 (175 år)

Skifte hovudinntak for straum innan 2020.

Nytt orgel innan 2022

6.7.4 Behov for utgreiing

Kontrollere om det må regulering av nytt område til utviding av gravplass i planperioden.

Få fagfolk til å vurdere behov og kostnad ved maling av kyrkja innvendig.

Få fagfolk til å vurdere tilstand for orgel og behov for nytt.

6.8 Barn- og unge

6.8.1 Status – situasjonen i dag

Barnehage og skule er ein viktig arena kor ein kan påverke oppvekstmiljøet for barn og unge i Bokn. Sosial støtte er rekna som svært viktig for velvære og psykisk helse hos barn og unge. Det vert i både skule og barnehage jobba aktivt og målretta for å skape eit godt og trygt oppvekstmiljø og god trivsel for born og unge då dette også medverkar på korleis born og unge har det når dei ikkje er på skulen eller i barnehagen.

Elevundersøkinga, ungdata og folkehelseprofilen for Bokn kommune syner at born og unge i Bokn i stor grad er nøgde med sitt oppvekstmiljø når det er snakk om kulturtilbod og fritidsaktiviteter, og dei opplever nærmiljøet sitt som trygt å ferdast i.

6.8.2 Utfordringar

I Bokn er det gode forutsetningar for å gi barn og unge eit godt og trygt oppvekstmiljø kor alle opplever å være inkludert i eit sosialt fellesskap, og kor det er gode sosiale møteplassar og fritidsarenaer for born og unge i alle aldrar. Undersøkingar viser at 3 gonger så mange born og unge i Bokn enn gjennomsnittet i landet opplever mobbing, og andelen born og unge som føler seg einsame er nær halvparten så mange som gjennomsnittet for landet.

6.8.3 Målsetjingar

Kommunen har som målsettjing at born og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø kor dei har gode arenaer for sosialt samspel og kor dei føler seg inkludert.

6.8.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for å lage ein plan for oppvekst i Bokn kommune med fokus på fysisk og psykisk helse kor tiltak som vert iverksatt aukar fokuset på inkludering, korleis ein skal skapa positive haldningar til kvarandre. Det vil og vere viktig å sjå korleis ein i kommunen kan utvikle gode fritidsarenaer utanom dei organiserte aktivitetene for å legge til rette for fleire sosiale møteplassar for born og unge.

6.9 Klima, miljø og energi

6.9.1 Status – situasjonen i dag

Bokn kommune vedtok i 2011 ein energi- og klimaplan som inneheld oversyn over situasjonen på desse områda på det tidspunktet planen vart laga, og med framlegg til tiltak med omsyn til mellom anna energibruk og klimatilpassingar.

I strategiplanen som vart vedteke på slutten av 2016, er dei framtidige miljøutfordringane

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

kommunen står ovanfor gjort greie for.

Kommunen har i dag inga reinsing av kloakk utover oppsamling av slam.

Nytt vassverk vart sett i drift i 2018.

6.9.2 Utfordringar

Hovudutfordringa kommunen står ovanfor når det gjeld klima er tilpassing til dei forventa klimaendringane. Framtidige ekstremsituasjonar med omsyn til nedbør og temperatur, vil setje nye krav til mellom anna overvasssystem i nedbørperiodar og sikring av reservevasstilgong i turkeperiodar.

6.9.3 Målsetjingar

- Energi- og klimaplanen og handlingsplanen knytt til denne må ajourførast når der gjeld målsetjingar og tiltak.
- Behov for utarbeiding av hovudplan for vatn- og avlaup må vurderast ut frå mellom anna forventa klimaendringar.

6.9.4 Behov for utgreiing

Erfaringsgrunnlag knytt til overvassproblematikk, brot på kommunalt leidningssystem, vassforbruk/vasskjelde må systematiserast.

6.10 Friviljuge organisasjonar

6.10.1 Status – situasjonen i dag

Frivillig sektor får i aukande grad ein meir framtrедande plass i alle statlege planar og føringar.

Årsaka er at innsatsen sektoren representerer, er av avgjerande betydning for velferda vi nyt godt av i Noreg i dag. For Bokn kommune sin del er samarbeidet med frivillig sektor godt. Initiativa frå sektoren er mange og varierte. Rammevilkåra lokalt er gode, men lokale lag og organisasjonar melder om utfordringar knytt til rekruttering av både medlemmer samt av personar til å ta på seg tillitsverv. Per i dag er det ca. 25 registrerte lag og organisasjonar i kommunen.

6.10.2 Utfordringar

Aktiviteten og engasjementet i frivillig sektor i Bokn er høg. For Bokn, som for andre kommunar, ser ein likevel at det er utfordrande å rekruttere nye krefter inn i arbeidet. Ei av årsakene til dette er knyta til ansvaret rundt og omfanget av drifta av eit frivillig lag. Mange melder om ynskje om å få læra meir. Ei anna årsak er tid og mangel på denne. Kommunen har ingen plan for arbeidet inn mot frivillig sektor. Ein kommunal plan, utarbeidd i samarbeid med sektoren sjølv, ville kunne peike på tiltak som møtte utfordringane. På denne måten kan ein definere kva som skal til for lettare å rekruttere for slik å oppretthalde velferdsgoda også for innbyggjarane som bur i kommunen i dag.

6.10.3 Målsetjingar

Målsetjinga med å tilrettelegge for ein levande og aktivt frivillig sektor er helsegevinsten av arbeidet. Gevinsten gjev seg uttrykk i kraft av arbeidet i seg sjølv (sosialisering og stor positiv innverknad på den allmenne psykiske helse), men også i kraft av velferda som vert produsert. Hovudmålsetjinga for

kommunen er å fungere som katalysator for arbeidet, som fasilitator og tilretteleggjar og som aktiv samarbeidspart i møte med lag og organisasjonar på Bokn.

6.10.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er eit behov for å kartleggje frivillig sektor noko meir. Ei slik kartlegging ville danne eit nyttig kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av ein plan for frivillig sektor.

6.11 Samferdsel og kommunikasjon

6.11.1 Status – situasjonen i dag

Kommunen har i dag forbindelse med sørfylket via ferjesambandet Arsvågen – Mortavika, og med resten av nordfylket via E39.

Kollektivtilbodet er avgrensa til Kolumbus sine bussruter til nordfylket, og til Kystbussen si gjennomgåande rute.

Avtalen med Haugaland Kraft har ført til at breiband-dekkinga er tilfredsstillande i alle delar av kommunen.

Mobiltelefondekkninga i store delar av kommunen er ikkje tilfredsstillande.

6.11.2 Utfordringar

Dei store vegprosjekta som er under planlegging og bygging, vil få konsekvensar også for Bokn kommune.

Som ein del av den planlagde utbygginga av E39 mellom Kristiansand og Bergen, vil Rogfast som er forventa ferdig i 2025/2026, leggje til rette for ein utvida bu- og arbeidsmarknad i regionen, og Bokn kommune må søkje å utnytte dette på ein optimal måte.

6.11.3 Målsetjingar

- Utnytte den utvida bu- og arbeidsmarknaden ved å ha tilgong til tilstrekkeleg tal på byggeklare bustadtomter og næringsareal.

God mobiltelefondekking i alle delar av kommunen.

6.11.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Utarbeide bustadbyggeprogram

Registrere område med dårleg eller manglande mobiltelefondekning

6.12 Interkommunalt samarbeid

6.12.1 Status – situasjonen i dag

Kommunane på Haugalandet har iverksett eit breidt interkommunalt samarbeid for å løyse oppgåver der den enkelte kommune blir for liten eller manglar fagkompetanse til å oppretthalde faglege gode tenester innanfor økonomisk forsvarlege rammer.

Dette gjeld mellom anna områder som hamnesamarbeid, infrastruktursamarbeid gjennom innkreving av bompengar i Haugalandspakken, utviklingssamarbeid innan velferdsteknologi, legevaktsamarbeid, krisesenter tjenester, reiseliv og flyplassutvikling, samfunns- og næringsutvikling gjennom Haugaland Vekst IKS, brannsamarbeid og oljevernberedskap. I tillegg har Bokn kommune ein omfattande samarbeidsavtale med Karmøy kommune som i dag omfattar samarbeid om ein del tekniske oppgåver, barnevern, PPT, jordmorteneste og NAV.

I tillegg har kommunane på Haugalandet for tida under vurdering eit utvida IT-samarbeid, og ein har på beddingen eit digitaliseringssamarbeid for alle kommunane i Rogland.

6.12.2 Utfordringar

- Manglande medvirkning frå folkevalde i viktige beslutningsprosessar – og gjennom dette føre til demokratisk underskot
- Flytting av beslutningar ut av kommunen
- Flytting av ressursar ut av kommunen
- Tunge/tidkrevjande beslutningsprosessar

6.12.3 Målsetjingar

6.12.3.1 Politisk forankring

Det er ei målsetting at interkommunalt samarbeid skal bygge på og vere godt forankra i politiske vedtak i Bokn kommune.

6.12.3.2 Medvirkning

Bokn skal spele ei aktiv rolle i dei interkommunale samarbeidsprosjekta vi tek del i.

6.12.3.3 Kommunal deltaking i interkommunalt samarbeid

Bokn kommune ser på interkommunalt samarbeid som ynskjeleg og nødvendig når dette gir innbyggjarane i kommunen:

- Betre tenester til ein rimelegare pris enn om me sjølv skulle hatt tenestetilbodet
- Tenesta er så omfattande i kompleksitet, geografisk utstrekning eller til ein så høg kostnad at tenesta ikkje kan ligga i kommunen

6.12.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for å utgreia om interkommunalt samarbeid gir dei forventa tenestene til innbyggjarane i samsvar med intensjonen for samarbeidet og/eller om tenesta eventuelt kan «tas tilbake» til kommunen for å kunne gi eit betre tenestetilbod.

6.13 Økonomi

6.13.1 Status – situasjonen i dag

6.13.1.1 Inntekter i budsjettet

Bokn kommune har eit budsjett som er sterkt påverka av nivået på statlege overføringar og eigedomsskatt knyta opp mot gassbasert verksemd. Kommunen sine inntekter er derfor svært sårbare i forhold til endring i statlege rammevilkår.

Nytt inntektssystem vil gi ei til dels stor reduksjon i rammetilskott som fylgje av halvering av småkommunetilskott og endring av basistilskottet. Bokn har også demografiske endringar som slår negativt ut når det gjeld økonomi. Stortinget sitt vedtak om å fjerne eigedomsskatt på verk og bruk med ei nedtrapping over 7 år, vil ytterlegare forsterke dette dei kommande åra.

Dei endelege konsekvensane av det nye inntektssystemet med omlegging/bortfall av eigedomsskatt for verk og bruk er fortsatt uklart for kommunane.

Ny inntekt i kommunebudsjettet frå 2017 er overføring av inntekter frå det nye Havbruksfondet. Inntekta for 2018 vil bli omtrent 6 millionar kroner. Dette vil ha ei svært positiv virkning på økonomien.

6.13.1.2 Utgifter i budsjettet

Bokn kommune har stor lånegjeld. Lånegjelda vil ved investering i ny skule auke ytterlegare. Dette fører til auka finanskostnader og eit redusert netto driftsresultat. Stor lånegjeld gjer også kommunen sårbar i forhold til den renteauken som er varsla.

Endringar i demografien har dei siste åra ført til ei negativ folketalsutvikling. Mellom anna med er antal born i barnehage og skule sterkt redusert dei siste åra. Kostnadene med drift av skule- og barnehage må nedjusterast i takt med endring i barnetalet.

Som fylgje av fleire nye kommunale nybygg vil fyrings- og vedlikehaldskostnader kunne haldast på eit lågt nivå.

6.13.2 Utfordringar

Oppretthalda eit godt tenestetilbod med ei vesentleg svekka økonomisk føresetnad.

6.13.3 Målsetjingar

- Kommunen sine fireårige økonomiplanar skal byggja på vedtatt kommuneplan med handlingsplan.
- Økonomiplanen skal bygge på ei ansvarleg økonomiske politikk, slik at kommunen kan vidareføra ei økonomiske handlingsfridom med eit netto driftsresultat på ca 1,75 % av driftsinntektene.

6.13.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for ei utgreiing om dei samla konsekvensane av demografiske endringar og endringar i inntektssystemet og bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

6.14 Samfunnssikkerhet og beredskap

6.14.1 Status – situasjonen i dag

Bokn kommune har ein overordna kriseplan som blei revidert i mars 2016 og som bygger på ein tverrfagleg risiko- og sårbarhetsanalyse frå desember 2015.

Kravet om kommunal beredskapsplikt er heimla i Sivilbeskyttelsesloven §15 og Forskrift om kommunal beredskapsplikt §4.

6.14.2 Utfordringar

- Stille med tilstrekkeleg mannskap til både å kunne fylle oppgåvene i kriseleiinga og i krisesekretariatet
- Oppretthalde stor nok kriseleiing over ein lengre tidsperiode
- Bygge opp nødvendig kompetanse for å handtera ein krise

6.14.3 Målsetjingar

Mål for krisearbeidet i Bokn kommune.

Ha fokus på førebyggjande arbeid slik at uønska hendingar ikkje skjer eller omfang/konsekvensar av uønska hendingar blir små.

Raskt setja i verk tiltak som kan avgrensa og redusera uheldige konsekvensar som følgje av ulykker og uønska hendingar.

Setta i verk tiltak for å opprette normalsituasjon i kommunen etter ulykker eller uønska hendingar.

Mål for beredskapsplanen og tiltak

Sette Bokn kommune raskt i stand til å etablere kommunal kriseledelse som skal ivareta hjelpe- og støttefunksjonar for de kommunale seksjonane, oppretta nødvendig info-tenester og ha den nødvendige kontakten med statlige og fylkeskommunale myndigheter.

Beredskapsplanen skal, saman med kommunens sektorplanar, gi oversikt over kommunen sine ressurser og være et hjelpemiddel for kriseledelsen til raskt å sette i verk nødvendige tiltak.

På grunnlag av Helhetlig ROS skal det utarbeides handlingsplanar for iverksetting av tiltak i forhold til hendelsene som kan berøre store deler av lokalsamfunnet over flere døgn eller alvorlige akutte hendelser/ulykker

6.14.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Ein ser ikkje behov for utgreiingar ut over det som følgjer av revidering av overordna kriseplan og rullering av helhetlig ros.

6.15 Næringsliv

6.15.1 Status – situasjonen i dag

Bokn kommune har ei låg registrert arbeidsløyse. Ved utgangen av mars 2009 var arbeidsløysa på 1,0 %, mot 2,7 % nasjonalt. I 2017 var det registrert 420 arbeidstakarar busette i Bokn, kor drygt halvparten hadde arbeid i eigen kommune. Ca 30 % av arbeidstakarane busette i kommunen pendlar til andre kommunar på Haugalandet (først og fremst Tysvær og Haugesund), mens nærare 20 % har arbeid andre stader (inkl. sokkelen og firmaer med adresse utanfor Haugalandet). Ca 90 personar pendlar til arbeid på Bokn frå Tysvær, Haugesund, Karmøy og andre kommunar.

Innbyggjarane i Bokn har arbeid innafor ei rekke ulike næringar. Størst er sysselsettinga innafor næringsgruppene helse-/sosialtenester, sjøtransport, jordbruk, bygg og anlegg og utvinning av råolje og naturgass. Innafor næringsgruppene helse-/sosialtenester, detaljhandel og olje-/gassverksemd har det dei seinare åra vore ei auka sysselsetting blant kommunen sine innbyggjarar. Samstundes

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

har det vore ein markant nedgang i antal registrerte arbeidstakarar innan jordbruk frå 2000 til 2007 (-47 %). Talet omfattar berre personar som har hovudinntektskjelde frå landbruket. I tillegg kjem dei som driv gard ved sida av anna arbeid, og der landbruket likevel kan vera betydningsfullt for husstanden si samla inntekt. I same periode har det vore ein nedgang i antal registrerte bruk med jordbruksareal i drift frå 63 til 50, noko som blant anna skuldast innføring av nye reglar for minsteomsetjing for å oppnå produksjonstilskot. Omfanget av dyrka mark har imidlertid vore stabilt i perioden, slik at utviklinga i liten grad har ført til nedleggingar.

	Personar som bur på Bokn		Personar som jobbar på Bokn	
	Antal arbeids- takara 2008	Antal arbeids- takarar 2017	Antal arbeids- takara 2008	Antal arbeids- takarar 2017
Sekundærnæringer	109	112	51	48
Varehandel, hotell og restaurant, samferd	130	110	69	54
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	19	17	15	15
Undervisning	26	24	30	29
Helse- og sosialtjenester	66	76	75	81
Andre Andre næringer	62	81	57	76
Sum	412	420	297	303

Arbeidstakarar som bur på Bokn, fordelt på dei største hovudnæringsgruppene og tilsvarende tal for antal arbeidstakarar som jobbar på Bokn.

6.15.2 Utfordringar

Vi ynskjer at kommunale og private tenester skal produserast og leverast i Bokn.

Vi vil og stå i fare for å mista den assorterte landhandelen som er svært viktig for innbyggjarane og næringslivet.

6.15.3 Målsetjingar

Bokn skal vera eit fullstendig samfunn der innbyggjarane får dekkja ein stor del av tenestene innanfor eigne kommunegrenser.

Vi vil:

- auke folketal og verdiskaping som varig grunnlag for korte reiser til kommunale tenester, varehandel og tenesteyting
- sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune
- nytta naturressursane til næringsutvikling og for å skapa trivsel og gode bumiljø
- at kommunen skal spele på lag med innbyggjarane
- arbeide for å auke etterspurnaden etter tenester produsert og levert i Bokn

6.15.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for utarbeiding av ny pendlar- og arbeidstakarstatistikk.

6.16 Fiskeri og havbruk

6.16.1 Status – situasjonen i dag

Bokn kommune har 5 godkjente lokalitetar for akvakultur:

- Lauplandsholmen
- Hognaland og Trosnavåg (settefisk)
- Tollaksholmen (stamfisk)
- Nautøya (kamskjel)

Bokn kommune har tradisjonelt vore ein viktig fiskerikommune med både større og mindre bruk.

Fortsatt står fiskeriene på Bokn sterkt med ein fin blanding av unge som satsar på ei framtid innan denne næringa i tillegg til godt etablerte fiskarar som arbeider aktivt og har store planar for å utvikla si næring.

Havbruksnæringa og fiskeriene representerer viktige arbeidsplassar i kommunen, og det er små konflikhtar knytt til desse verksemdene.

Staten har frå 2017 oppretta eit Havbruksfond – noko som gjer at kommunane vil få tildelt midlar frå dette fondet i forhold til dei anlegga kommunen har når det gjeld oppdrett.

Bokn kommune er i 2018 tildelt rundt 6 mill. kroner frå dette fondet.

6.16.2 Utfordringar

Havbruksnæringa har i fleire år hatt god inntektsutvikling. Utfordringar for Havbruksnæringa i Bokn knyter seg i stor grad til mulighetene for å frigjera areal til framtidige lokalitetar – både for å skapa vekst for næringa, men også for å ha alternative lokalitetar for dagens anlegg.

Fiskerinæringa i Norge har eit rekrutteringsproblem som fylgje av høge prisar ved kjøp av konsesjonar, båtar og utstyr. Dette gjer det vanskeleg for ungdom å etablere seg og utvikla næringa. Dette gjer seg og gjeldande på Bokn.

6.16.3 Målsetjingar

Kommunen vil vera positiv til å leggja tilhøva til rette for vidare utvikling av denne næringa, det vera seg ved utgreiing av nye lokalitetar eller ved å frigjera areal til produksjon av varer og tenester til næringa. Forsyningsteneste til næringa vil ha fordel av nærleik til skipsleia og E 39.

Kommunen vil arbeide aktivt for å ta vare på og å vidareutvikle desse næringane gjennom mellom anna av å finna ein god balanse mellom avsetting av areal på sjø til havbruk samstundes som en tar vare på viktige fiskeriplassar.

6.16.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er behov for å utgreia om delar av avsette kaste- og lossettingsplassar i framtida kan nyttast til havbruksføremål.

6.17 Landbruk

6.17.1 Status – situasjonen i dag

Talet på aktive gardsbruk har gått ned i Bokn som i landet totalt.

Det har ikkje vore tilsvarende stor tilbakegang i jordbruksareal i drift, og landskapsbiletet er framleis prega av veldrivne areal og høg beiteintensitet

6.17.2 Utfordringar

Det aktive jordbruket må ha eit omfang som gir grunnlag for eit godt fagmiljø.

Det må i alle deler av kommunen vera busetnad som gir grunnlag for eit sosialt miljø.

6.17.3 Målsetjingar

- Oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen
- Ivareta landbruksomsyn i arealdisponering i utbyggings- og byggesaker
- Ta vare på fulldyrka jord

6.17.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Ny vurdering av grensa for kjerneområde landbruk (i tilknytning til rullering av arealdelen av kommuneplanen)

6.18 Turisme

6.18.1 Status – situasjonen i dag

Turistattraksjonane (produkta) i Bokn kommune er primært knytta til kulturhistoriske stader og installasjonar der besøkjande gjer seg nytte av produktet gratis. Døme på dette er m.a kyrkja, bygdemuseumet, gravrøysa på Austre Bokn (eldre bronsealder) og for ikkje å gløyma Klepp festningsanlegg. Ein finn få, om nokon, attraksjonar som inviterer til aktivitet i form av opplevelsesturisme, friluftsliv, jakt og fiske. På Austre Bokn finn ein Krovågen Hestesenter med dertilhøyrande moglegheiter for å vera turist i såmåte. Ein finn 2 campingplassar her, 1 på Austre Bokn og 1 på Vestre Bokn. Ut over dette er det diverre få andre overnattingsmoglegheiter i kommunen. Kommunen var tidleg ute, og har lenge hatt fokus på, å tilrettelegge for informasjonsoverføring. Det er brukt tid og ressursar på å lage avrivningskart, ulike skilt samt eit kontinuerleg arbeid for å halde heimesider og Facebook oppdatert på informasjon som er nyttig for både fastbuande og turistar. Men, dette er ikkje nok: Vi konstaterer at Bokn ikkje er stor på turisme per 2018.

6.18.2 Utfordringar

Hovudutfordringa for Bokn som attraksjon, men og for dei få attraksjonane som er etablert per i dag, er at tilnærminga til turisme ikkje er satt i system. Dei kulturhistoriske attraksjonane/produkta lever sitt eige liv, dei få overnattingsmoglegheitene likeså. For å ta ein del av «opplevelsesturisme» - kaka, vil det vera naudsynt å tilretteleggje for samarbeid med grunneigarar, private aktørar samt med næringslivet. Då vil ein kunne definere tydelege produkt og opplevelsespakkar for vidaresal til både kundestraumen frå sør til nord (frå Stavanger mot Bergen og motsatt) samt til alle dei stadig fleire cruiseskip – turistane som legg turen innom regionen vår.

6.18.3 Målsetjingar

Målsetjinga for auka fokus på utvikling av turisme i Bokn er å bidra til å skapa arbeidsplassar samt å tilretteleggje for opplevingar for både fastbuande og besøkjande.

6.18.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Det er eit stort behov for å sjå nærare på eit formelt samarbeid mellom ulike aktørar for om mogleg å definere ein felles strategi og forståelse for gevinsten av utvikling av reiselivsprodukt for vidaresal.

6.19 Sentrumsutvikling

6.19.1 Status – situasjonen i dag

Føresvik er kommunesenter. Her er dei viktigaste fellesfunksjonane samla på eit lite område, ved kaien som tidlegare var viktigaste kollektivterminalen i kommunen.

Kommunen vil utvikla Førsvik – Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einebustad, konsentrert småhus og leiligheter i blokk.

I retningslinene til ATP Haugalandet er Førsvik definert som eit områdesenter, der det er føresetnaden at det skal vera tilgang til dei mest vanlege funksjonar i større tettstader utanom regiondelsentre.

Utviklinga er føresett å skje etter prinsippet «innafrå og utover».

I samsvar med dette prinsippet, og for å gjere det mogeleg å flytte ei verksemd som i dag er til hinder for å gjennomføre den overordna utviklingsstrategien, har kommunen fremja planar om utviding av byggearealet i Førsvik i form av ei utfylling i sjø ved hjelp av steinmassar frå Rogfastutbygginga.

6.19.2 Utfordringar

Styrking av Førsvik si sentrumsrolle, er i dag hindra av mangel på sentrumsnært areal for bustader, sentrumsfunksjonar og næringsføremål.

Plassering av Bokn Plast er også til hinder for å utvikle området med bustader og naturlege sentrumsfunksjonar, og det vil ikkje vera mogeleg å oppfylle intensjonen om å utvikle Førsvik sentrum i samsvar med ATP Haugalandet og den vedtekne planstrategien for kommunen, utan at det vert funne ei løysing som gjer at denne verksemda kan flyttast.

6.19.3 Målsetjingar

Førsvik må utviklast til å verta eit levande og attraktivt sentrum for kommunen, med variert busetnad og naturlege sentrumsfunksjonar i samsvar med vedtekne overordna arealplanstrategiar.

6.19.4 Behov for utgreiing i planarbeidet.

Ferdigstilling av dei framlegg til reguleringsplanar som ligg føre og naudsynte utgreiingar knytt til desse.

6.20 Bustadbygging

6.20.1 Status – situasjonen i dag

Den gjeldande arealdelen i kommuneplanen er det avsett fleire område for bustadbygging, der det framleis ikkje ligg føre reguleringsplan.

I tillegg er det under regulering eit område på Holmen i Føresvik som skal gje plass til ca. 100 bustader på eit utfylt areal i sjøen.

Det er pr. oktober 2018 7 kommunale byggemodne bustadtomter for sal . I tillegg er fleire bustadområde i privat eige under byggemodning.

6.20.2 Utfordringar

Mykje av det frigjevne arealet i kommuneplanen sin arealdel er ikkje opparbeidd og tilrettelagt. Dette er til hinder for nye planar i nye område.

3 av desse områda vart fjerna ved justering av kommuneplanen i 2018.

Sikre busetnad i alle deler av kommunen som grunnlag for eit sosialt miljø.

Bustadbygginga har ikkje auka trass i tilgong på ledige tomter.

6.20.3 Målsetjingar

- Oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen
- Auke folketalet
- Levande bygder
- Utvikla Føresvik – Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einebustad, konsentrert småhus og leiligheter i blokk.
- Kommunen ynskjer samstundes at det skal vera mogleg å få byggja bustad i heile kommunen.

6.20.4 Behov for utgreiing i planarbeidet

Ny vurdering av grensa for kjerneområde landbruk (i tilknytning til rullering av arealdelen av kommuneplanen)

Det er behov for å vurdere arealbruken på nytt i område som er lagt ut til bustadføremål, men ikkje tilrettelagde.

Retningslinjer for vurdering av dispensasjonssøknader

7 Konsekvensvurdering

7.1 Føresegner om konsekvensutgreiingar

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, a) kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II

*reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er
b) reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der
reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*

c) tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Fylkeskommunen er ansvarlig myndighet for regionale planer. Kommunen er ansvarlig myndighet for kommunale planer. Ansvarlig myndighet for planer og tiltak etter bokstav b og c fremgår av vedlegg I. For tiltak etter bokstav b der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven.

Hvis en plan etter plan- og bygningsloven endres mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn, og endringen medfører at planen omfattes av første ledd bokstav a eller b, skal planen behandles etter reglene i kapittel 5 og 6.

Ut frå dette må det leggjast til grunn at kravet om konsekvensutgreiing knytt til arbeidet med kommuneplanen er avgrensa til arealdelen av denne.

8 Retningslinjer for gjennomføring av kommunen sine egne mål og strategiar

Samfunnsdelen skal gje retningslinjer for sektorane si verksemd, men lova angir ikkje nærare kva slags retningslinjer som skal gjevast.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet seier i ein lovkommentar at fylgjande punkt kan vera eit utgangspunkt for innhaldet i retningslinjene i samfunnsdelen:

- Langsiktige utfordringar for kommunesamfunnet
- Langsiktige utfordringar for sektorane enkeltvis og i samarbeid
- Miljømessige utfordringar, vurdering av fysiske konsekvensar for planen sine utviklings- og vernestrategiar, som grunnlag for arealplan
- Prioriterte satsingsområde og område for spesielle verkemiddel
- Retningslinjer for handlingsprogram og økonomiplan
- Retningslinjer for kommunen sitt planarbeid